

SAK 14/19 SLUTTRAPPORT BYREGIONPROGRAMMET

Saksopplysing

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) etablerte eit utviklingsprogram for byregionar (Byregionprogrammet). Gjennom programmet ynskte departementet å legge til rette for positiv utvikling i byregionar i heile landet.

I fase 1 av Byregionprogrammet skulle ein auke kunnskapen om samspel mellom by og omland og regionane sitt næringsmessige potensiale og vekstkraft. Det var eit mål at den auka kunnskapen skulle bidra til strategiar og tiltak som styrkar heile regionen. I fase 1 vart det og gjennomført ei samfunnsanalyse som skulle vera med å danne grunnlaget for ei eventuell fase 2. Samfunnsanalysa for Hallingdal vart gjennomført av Menon Business Economics, «[For eigen maskin](#)».

Formålet med fase 2 i [Byregionprogrammet](#) var at byregionane skulle utarbeide konkrete strategiar og gjennomfører tiltak innanfor tema/samfunnsmråder som regionen sjølv prioriterer, med utgangspunkt i m.a. fase 1 og samfunnsanalyse som vart gjort der.

Vedlagt sluttrapport gjev ei nærmere utgreiing av arbeidet som er gjennomført.

Ei styrke for Hallingdal har vore at arbeidet har vore ein del av prosess Strategisk plan for Hallingdal, noko som sikrar vidareføring av tiltak i Byregionprogrammet.

Sluttrapport og rekneskap er godkjent av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
[Her](#) ligg alle sluttrapportar frå Byregionprogrammet.

Vurdering

Kva som er målbare resultat av Byregionprogrammet og kva som har andre årsaker kan vera til dels svært vanskelig å fastslå. Kva betydning t.d. Byregionprogrammet har hatt for å motverke tyngre trendar i forhold til t.d. som sentralisering vil vera umogeleg å talfeste. Fleire av målbare resultat vil heller ikkje kunne dokumenterast før etter nokre år.

Me ser at Byregionprogrammet har hatt gode effektar på kort sikt. Det å arbeide kunnskapsbasert, strukturert og samla utover kommunegrenser og eigen region gjev gode resultat. Gjennom programmet har det og skjedd omfattande kunnskapsdeling, som Hallingdal har hatt stor nytte av.

Følgjande konkrete tiltak er gjennomført i tråd med planar:

- Gjennomført prosess og utarbeida Strategisk plan for Hallingdal, som og sikrar vidareføring av tiltak i Byregionprogrammet.
- Arbeid med fleirkjernestruktur og funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane. Eit arbeid som held fram utover prosjektperioden.
- Utvikla eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat
- Gjennomført prosesser og tilrettelegging for nye arbeidsplassar, statlege og private
- Arbeid for og klargjort til etablering av fagskule og høgskuletilbod i Hallingdal i forhold til reiseliv.
- Ei sterkare satsing på profiliering og rekruttering
- Arbeid for realisering av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika med fokus på verknader for Hallingdal.
- Gjennomført forarbeid og prosesser der Livskvalitet Hallingdal blir ein pilot i Norge, som grunnlag for regionalutvikling.

Effektar på regionen sin vekst og vekstevne på lengre sikt er konkretisert i forhold til befolkning/demografi, sysselsetting/arbeidsplassar og verdiskaping fram mot 2023.

Regionrådet for Hallingdal nyttar her SSB sin statistikk for folketalsutvikling og endring i arbeidsplassar. Menon er engasjert til å rapportere på verdiskapning. Gjennom årleg oppdatering vil ein følgje utviklinga fram mot 2023. Statistikk med effektmål vil gi godt grunnlag i forhold til vårt hovudmål; «utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.»

Nytten av å delta i Byregionprogrammet kan oppsummerast slik:

- Gjennomført prosessar og konkrete tiltak etter plan i Byregionprogrammet
- Etablert nye tiltak som resultat av arbeidet med Byregionprogrammet
- Etablert nye type nettverk
- Auka kunnskapsoverføring og mogelegheiter for å hente ut kunnskap
- Etablert ei sterkare felles forståing for utfordringar og mogelegheiter.
- Skapt sterkare forankring og engasjement
- Skap nettverksforståing mellom kommunar mellom bedrifter og mellom kommunar og bedrifter
- Større medvite til å setje samarbeid i system


Forslag til vedtak

Regionrådet for Hallingdal tek sluttrapport Byregionprogrammet til orientering.

Ål 22.1.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg: Sluttrapport Byregionprogrammet, dat. 1.12.2019



BYREGIONPROGRAMMET, FASE 2



SLUTTRAPPOR



HALLINGDAL

INNHOLD

Innhald

1.	Mål for Byregionprogrammet fase 2	3
2.	Byregionprogrammet fase 2 for Hallingdal, mål, organisering	3
2.1.	Konkretiserte mål	3
2.2.	Forankring	4
2.3.	Prosjektorganisering	4
3.	Større arbeid i programmet.....	5
3.1.	Strategisk plan for Hallingdal.....	5
3.2.	Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi	5
3.2.1.	Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat.....	6
3.3.	Vidareutvikling/nye arbeidsplassar	6
3.3.1.	Generelt	6
3.3.2.	Krokeide	7
3.3.3.	Hallingtreff	7
3.4.	Tilby høgare relevant utdanning lokalt.....	7
3.5.	Betra transportårer til Hallingdal med Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss.....	8
3.6.	Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering	8
3.7.	Livskvalitet, «Det er folka som teller»	9
4.	Trulege effektar for regionen si vekst og vekstevne.....	10
4.1.	Generelt	10
4.2.	Folketalsutvikling, demografi.....	11
4.3.	Endring arbeidsplassar	12
4.4.	Verdiskapning	12
4.5.	Kvalitative effektar som ikkje er målbare	13
5.	Vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet	13
6.	Rekneskap	14

1. Mål for Byregionprogrammet fase 2

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har etablert eit utviklingsprogram for byregionar (Byregionprogrammet). Gjennom programmet ynskjer departementet å legge til rette for positiv utvikling i byregionar i heile landet.

I fase 1 av Byregionprogrammet skulle ein auke kunnskapen om samspel mellom by og omland og regionane sitt næringsmessige potensiale og vekstkraft. Det var eit mål at den auka kunnskapen skulle bidra til strategiar og tiltak som styrkar heile regionen. I fase 1 vart det og gjennomført ei samfunnsanalyse som skulle vera med å danne grunnlaget for ei eventuell fase 2. Samfunnsanalysa for Hallingdal vart gjennomført av Menon Business Economics, «[For eigen maskin](#)».

Formålet med fase 2 i [Byregionprogrammet](#) er at byregionane utarbeidar konkrete strategiar og gjennomfører tiltak innanfor tema/samfunnsområder som regionen sjølv prioriterer, med utgangspunkt i m.a. fase 1 og samfunnsanalyse som vart gjort der.

2. Byregionprogrammet fase 2 for Hallingdal, mål, organisering

2.1. Konkretiserte mål

Prosjektet har definert følgjande hovudmål:

Hallingdal skal utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.

Ut frå definerte innsatsområde er etterprøvbare delmål synleggjort. Dei fleste av desse kan følgjast og sjekkast i forhold til offentleg statistikk. Andre mål vil målast av Regionrådet for Hallingdal som følgjer utviklinga i Hallingdal tett og vil raskt kunne oppdage og identifisere effektar av arbeidet. Det er truleg at den fulle effekten vil komme frem over tid. Ei utfordring kan vera kva som påverkar kva. Det å klare å skilje ut effekten av programmet si satsing frå anna satsning, vil vera ei av dei største utfordingane når effektane skal målast.

Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi

Mål: Funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane. Klargjøre kvar enkelt kommune sin rolle.

Etterprøvbare delmål: Utarbeide strategisk plandokument. Vedtak i kommunane i Hallingdal. Kartlegge økonomisk vekst (verdiskaping) utover forventa vekst.

Legge til rette for næringsliv som kan tiltrekke seg yngre med høgare utdanning og fagbrev

Mål: Større bredde i jobbtilbodet. Auka del arbeidsplasser som krev høgare utdanning/fagutdanning.

Fleire arbeidsplasser i næringar som etterspør høg utdanning/fagutdanning. Samordne fagmiljø i kommunal sektor

Etterprøvbare delmål: Fleire arbeidsplassar utover forventa vekst. Nyetableringar utover forventa vekst. Fleire arbeidsplassar i næringar med høg verdiskaping utover forventa vekst. Vekst i tal på unge innbyggjarar. Samordning av fagmiljø i kommunal sektor

Tilby høgare relevant utdanning lokalt.

Mål: Det skal utviklast eit stabilt høgskulekonsept i Hallingdal, innan relevante studieretningar, som er tilpassa næringslivet og kommunane sine behov.

Etterprøvbare delmål: Høgskuletilbod er på plass og studieplassar er etter definerte mål.

Utnytting av betra transportårer til Hallingdal med Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss.

Mål: Bygging av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss skal ved bevisst satsing gje ringverknadar for Hallingdal.

Etterprøvbare delmål: Fleire innbyggjarar. Fleire attraktive arbeidsplassar for yngre menneske. Auka verdiskaping i næringslivet. Bedriftsetableringar

Utvikle eit samspel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering.

Mål: Styrka profilering av Hallingdal.

Etterprøvbare delmål: Fleire unge innbyggjarar, flire yngre kvinner, fleire «hyttehallingar» buset seg.

2.2. Forankring

Hallingtinget (formannskapa i dei 6 kommunane i Hallingdal) har vore involvert i prosjektet og har gjort eige vedtak om deltaking fase 2 av Utviklingsprogrammet for byregionar og det er gjort eigne vedtak i den einskilde kommune. Buskerud fylkeskommune er involvert i prosjektet og har støtta deltaking i fase 2, der fylkeskommunen vil vera ein aktiv aktør i fleire av dei definerte innsatsområda. I tillegg har næringslivet vore aktive partar i fleire av delprosjekta.

2.3. Prosjektorganisering

Prosjekteigar er dei 6 kommunane i Hallingdal. Regionrådet for Hallingdal har hatt prosjektansvaret for utviklingsprogrammet, der Regionrådet for Hallingdal har vore styringsgruppe.

Dagleg leiar for Regionrådet for Hallingdal har vore prosjektleiar, i tillegg har prosjektleiar for Hallingdal 2020 vor prosjektleiar for delar av aktivitetane.

Alle dei 6 kommunane i Hallingdal (Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, Hol) har delteke i prosjektet både med direkte løyvingar og stor eigeninnsats. Næringslivet i Hallingdal har delteke på ulike måtar der mellom anna via:

- HallingExpo regionalt næringsforum
- Hallingdal Næringshage
- Hallingdal etablerersenter



3. Større arbeid i programmet

3.1. Strategisk plan for Hallingdal

Eit grunnleggjande og viktig del av Byregionprogrammet var å revidere Strategisk plan for Hallingdal. Dette arbeidet vart gjennomført parallelt med oppstart Byregionprogrammet. [Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020](#) vart vedteke av Hallingtinget 28.april 2017.

Gjennom Strategisk plan for Hallingdal er det også sikre ei vidareføring og oppfølging av hovudmål og tiltak i Byregionprogrammet. Dette blir sett på som avgjerande for at Byregionprogrammet skal «leva vidare». I arbeidet med Strategisk plan vart det og avdekkja forhold og tiltak som vart ein del av Byregionprogrammet.



3.2. Funksjonell arbeidsdeling som vekststrategi

Arbeidet med å avklare og legge til rette for funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane er prosessar som pågår fortløpende og er viktige innsatsområder som er forankra i Strategisk plan for Hallingdal. Funksjonell arbeidsdeling og fleirkjernestruktur er to ting av same sak i forhold til å utvikle sterke sentrum.

Som eit konkret døme er etablering av felles rettssenter i Nesbyen.

Utgangspunktet er jordskifterett på Gol og tingerett i Nesbyen. For å sikre desse tenestene og arbeidsplassane i framtida, såg Regionrådet for Hallingdal det som

strategisk rett og prøve å etablere eit felles rettssenter for Hallingdal.

Dette lykkast Hallingdal med og det blir no bygd nytt rettssenter på Nesbyen.

Vil ha felles rettsstad på Nesbyen

■ Regionrådet med samla tilråding til Domstoladministrasjonen

Hallingdal tingrett er truga. No satsar Hallingdal alt på eitt kort med Nesbyen som felles rettsstad.

MAGNUS LINDAHL
ml@hallingdolen.no

Onsdag ettermiddag vedtok Regionrådet for Hallingdal å støtte etablering av felles rettsstad i Nesbyen.

– Det er viktig at me står samla. Me har vorte utfordra. No har me svart som eitt regionråd, seier ordførar i Gol, Heidi Granli (Ap).

Overraskande signal
Vedtaket kjem to veker etter at Domstoladministrasjonen



Hallingdølen 31.10.2015

3.2.1. Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat

Som eit anna konkret tiltak var utvikling av eit meir slagkraftig næringsapparat.

Gjennom ein prosess er Forum For Næringssamarbeid i Hallingdal etablert. Dette er eit fora mellom aktørar som arbeidar med næringsutvikling.

Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, ut frå dette er målsettinga med samarbeidet å vera ein betre og meir samordna hjelpar for næringslivet i Hallingdal.

Deltakarar i forumet er:

- Kommunane i Hallingdal (Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol)
- Regionrådet for Hallingdal
- Hallingdal etablerersenter
- Hallingdal Næringshage AS
- Torpomoen Drift AS
- HallingExpo

Forum For Næringssamarbeid har møte kvar månad. Allereie etter eitt års drift ser ein store samordningsgevinstar og det har vorte ein god delingskultur.

I tillegg er det sett i gang ei prosess mellom Hallingdal Næringshage AS, Torpomoen Drift AS og HallingExpo med målsetting felles selskap, gjennomført i 2018.

Gjennom prosessen med eit meir slagkraftig næringsapparat er og Innovasjonsløft Hallingdal starta opp. Hovudmålet med Innovasjonsløft Hallingdal er å gi næringslivet eit kompetanseløft innan innovasjon og vekst, auke samspelet og delingskulturen mellom bedriftene. Innovasjonsløft Hallingdal tilbyr eit etablert og utprøvd utviklingsløp, med 4-5 samlingar med profesjonelle innovatørar og nye nettverk. Til no er det gjennomført 5 løft med totalt 48 bedrifter og ca. 130 deltakarar.

Via Regionrådet for Hallingdal er det løyvd kr. 400.000 til oppstart Innovasjonsløft Hallingdal, ikkje noko av dette er Byregionprogrammet, men noko tid prosjektleding og eigeninnsats er ført på programmet.

3.3. Vidareutvikling/nye arbeidsplassar

3.3.1. Generelt

Den felles prioriterte utfordringa som Hallingdal står overfor er tett knytt opp mot at Hallingdal i stor grad må skapa sin eigen vekst. Lange avstandar og Hallingdal som ein noko isolert bu- og arbeidsmarknadsregion fører til at regionen må vidareutvikle seg som ein eigen bu- og arbeidsmarknadsregion, m.a. gjennom å trekke på dei ressursane som allereie finns i regionen.

Situasjonen i dag gjer at mogelegheitene til vekst først og fremst er avgrensa gjennom jobbmarknaden. Den største trusselen er at Hallingdal stagnera eller forvirrar. Fråflytting, avgrensa vekstkraft innan nye og alternative arbeidsplassar og det å sikre nok framtidig arbeidskraft er tema.

Gjennom prosjektet har det vorte arbeid med ulike tiltak for vidareutvikling og etablering av nye arbeidsplassar. I forhold til statlege arbeidsplassar pågår det no konkrete prosessar i ein tidleg fase.

3.3.2. Krokeide

Som ein del av Byregionprogrammet vart det arbeidd med konkret prosjekt i forhold til etablering av arbeidsplassar, med behov for høgare utdanning. I denne samanheng vart det i store delar av 2017 arbeidd med tilrettelegging for ei landsdekkjande vidaregåande internatskule. Stiftinga Krokeide

([Krokeide vidaregående skole](#)) utanfor Bergen ynskte å etablere ei tilsvarande skule i austlandsområde og det vart etablert kontakt med Regionrådet for Hallingdal. Krokeide vidaregående skole vart oppretta av LHL, Landsforeningen for Hjerte-og Lungesyke 1. januar 2015.

Skula tilbyr yrkesretta vidaregåande opplæring for personar med fysiske eller psykiske funksjonsutfordringar eller lærevanskar.

Skula skulle vera ei yrkesfagleg vidaregåande skule dimensjonert for 192 elever med internat. Totalt ville skula ha behov for 70-80 tilsette, hovuddelen pedagogisk personale, i tillegg 20-25 med kompletterande kompetanse som for eksempel sjukepleiarar, fysioterapeutar psykologar og miljøarbeidarar.

Dessverre for Hallingdal så enda skula i Eidsvoll, noko som sjølv sagt var ein nedtur. Dette ville vore ei etablering som kunne fått mykje å seie for Hallingdal, ikkje minst forhold til type arbeidsplassar. Regionrådet for Hallingdal har trekt lærdom av arbeidet og prosessens, der det mest positive har vore ei felles regional innsats for etablering av ei større bedrift i Hallingdal, der lokalisering ikkje har forstyrra ein god prosess.

3.3.3. Hallingtreff

I 2017 og 2018 har det vore arrangert Hallingt treff i Oslo, Bergen og Trondheim. Her blir utflytta Hallingar og andre som er nysgjerrige på regionen invitert. Dette er eit målretta møte med potensielle tilflyttarar. Målet er å gjera terskelen for å flytte lågare, og hjelpe dei som har eit ynskje om å etablere seg i Hallingdal.

3.4. Tilby høgare relevant utdanning lokalt

Det har vore eit klart definert mål å kunne tilby høgare relevant utdanning som er tilpassa næringslivet og kommunane sine behov, i Hallingdal. Det har gjennom prosjektpérioden vore arbeid med to konkrete prosjekt:

- Bachelor utdanningen via UIS «Friluftslivsentreprenør». Utdanninga skal vera ei nasjonal leiande utdanning av natur og kulturbaserte guidar og entreprenørar innanfor «Soft adventure».
- Norsk Reiselivsfagskole Etablering av ei formell etterutdanning for reiselivsnæringa regionalt og nasjonalt.
Fagskolen Tinius Olsen har på oppdrag for Buskerud fylkeskommune gjennomført eit forprosjekt og hovudprosjekt,

Hallingdal er ute

■ Stiftelsen Krokeide til Eidsvoll ■ Vil ha dialog med Gol og Flå



ANNE G. LUNDBØ
asnlundbo.no

Stiftelsen Krokeide
etablerer ingen
vidaregående
skule i Hallingdal.

STIFTESSEN KROKEIDE
ASNLUNDBO.NO

Stret i stiftelsen har ennå
ikke gått ut med avgjørelse,

men etter det Hallingdalen
er framleidt at det blir

sappa på et etablert sted på Fer-

ringsskolen i Eidsvoll i

staden.

- Eg har ingen kommu-

nat, seier styreleder Trond Sol-

vang.

Skule optimisme

Det var i vår at skoleleitininga

orienterte Hallingdalget om

skulen og planene som Stif-

telsen Krokeide har.

Plana var å etablere ein

vidaregående skule på Aust-

landet for elevar med høye

behov i skuleplanen.

Skulen heldt til utanfor Ber-

gen, men dagens lokale er

spengt. Derfor er Krokeide

pa letting etter havaleg

sted til etablere vidaregående

skule, og det var i den saman-

hengen at Hallingdal vart ut-

sett som eit potensielt sted

vatn om tilbygning i Hallingdal.

Det var vans-

la at skulen ville ge 70-80 nye

arbeidsplassar.

- Dette er ei gavelpakke til

Hallingdal, sa den daglege

leitaren i Regionrådet for Hal-

lingdal, Knut Arne Gjengård,

til Hallingdalen etter oriente-

ringssmøtet.

På synarting

Før jul var skoleleitininga på

synarting i kommunene i

Hallingdal på letting etter

ein egen stad å etablere ein

PÅ SYNTING: Det var svært god stemning i Hallingdal da representantar for Stiftelsen Krokeide sette vår

presentasjon om planar i Hallingdal. F.v.: assisterande rektor Lena Lie, rektor Trond Hveren og styreleder Trond

Solvang. (Foto: Arne)



der mogelegheitene for å etablere ei reiselivsfagskule i Hallingdal er urdert.

Ut frå planar og framdrift er målet at begge utdanningstilboda kan starte opp hausten 2019. At det blir utvikla stabile utdanningstilbod i Hallingdal, innan relevante studieretningar, som er tilpassa næringslivet sine behov er svært gledeleg.

Frå hausten 2017 har det vore eit samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal om vidareutdanning for lærarar i Hallingdal og det er i gang eit førebuande arbeid i forhold til vidareutdanning barnehagelærarar.

3.5. Betra transportårer til Hallingdal med Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss.

Eit av dei viktigaste konkrete tiltaka for utvikling av Hallingdal er bygging av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss. Etter iherdig arbeid gjennom fleire ti-år pågår planlegginga no for fullt med anleggstart 2021/2022. Ringeriksbanen, som vil føre til ein time kortare reisetid Oslo – Hallingdal er planlagt å kunne takast i bruk i 2028. Dette vil utan tvil gje Hallingdal eit løft som ein av landets største reiselivsregionar og med ringverknadar i forhold til auka attraktivitet for innbyggjarar og næringsetablering.

I prosjektperioden har det vore arbeid for realisering av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika – Hønefoss. Analyser med vurdering av ringverknadar for Hallingdal er ikkje avslutta, men er eit arbeid som blir gjennomført som tiltak i Strategisk plan for Hallingdal.

3.6. Utvikle eit sams spel med Hallingdal 2020 i forhold til m.a. attraktivitet og rekruttering

Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion, der det m.a. gjennom prosjektet Hallingdal 2020 er eit mål å tydeleggjera og styrke Hallingdal sin posisjon. Det har i prosjektperioden vore arbeidd med ei rekke tiltak i eit nært sams spel mellom Hallingdal 2020 og Byregionprogrammet. I denne samanheng er det fleire tiltak/prosjekt som har støtta opp om satsinga, som:

- Ungt Entreprenørskap
- Yrkesmessa
- Hallingdal 2020
- Hallingtreff
- Jobb i Hallingdal
- Hallingdal Ungdomsråd
- Ulik type profilering

3.7. Livskvalitet, «Det er folka som teller»

I arbeidet med dei ulike aktivitetane i Byregionprogrammet, der også Strategisk plan for Hallingdal er eit berande tema, har det utkrystalisert seg ei satsing på livskvalitet.

Gjennom arbeidet har Livskvalitet etter kvart vorte eit tydleg og svært sentralt tema. Livskvalitet i forhold til folkehelse er nærliggjande, men blir i denne samanheng veklagt som ein **vekstskapar og omdømmebyggjar**, med andre ord regional utvikling. Satsinga vart og forankra i [Strategisk plan for Hallingdal](#), pkt. 5.1., side 8 og [Handlingsprogrammet](#), tiltak 1.

Med dette som utgangspunkt starta Regionrådet for Hallingdal eit arbeid for å finne fram til kva som skjer i Norge og utlandet (Sverige, Danmark, UK), eks.

<https://detgodeliv.regionsyddanmark.dk/>



Det har vore ein grundig ein prosess med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet ut frå det arbeidet dei var i gang med i forhold til temaet Livskvalitet. Ut frå dette vil Hallingdal no bli ein pilot i Norge i forhold til måling av Livskvalitet. Syner og til regjeringa sitt [nyheitsbrev som stadsutvikling](#).

Satsinga søker å bidra til innovasjon i alle ledd av kommunal verksemd ved å implementere og evaluere eit nytt, heilskapleg og kvalitetssikra målesystem for livskvalitet. Målesystemet er utvikla for å få nyansert kunnskap om livskvalitet i befolkninga og som eit styringsverktøy for kommunane, og der Hallingdal vurdera satsinga som eit verktøy i forhold til regional utvikling.

Målesystemet vart lansert av Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet noko forsinka august 2018. Det bygger på vitskapelege og politiske strømmingar nasjonalt og internasjonalt, men utvider også erfaringar frå andre land. Implementering av målesystemet utgjer derfor ein innovasjon både i norsk og internasjonal samanheng og vil bidra til utvikling av heilt ny («den neste») praksis. Kommunane i Hallingdal vil bli dei første kommunane som innfører livskvalitetsindikatorar som sentralt kunnskapsgrunnlag og styringsverktøy i Norge.

Tiltaket er på mange måtar nybrotsarbeid, som har vokse fram i prosess med Byregionprogrammet. Forstudie, arbeidet med forankring, utforming av pilot i samarbeid med Helsedirektoratet og Folkehelseinstituttet og gjennomføring av fyrste innbyggjarundersøking (fase 1) er definert som ein del av Byregionprogrammet. Fase 2 med oppfølging og implementering blir etablert som eit eige prosjekt.

Planen var at fase 1 skulle gjennomførast våren 2018, men arbeidet fram til lansering verktøy Livskvalitet vart skuvd noko ut i tid, noko som har ført til at nødvendige avtalar i forhold til gjennomføring av innbyggjarundersøkingar og analysar først blir gjennomført i desse dagar.

4. Trulege effektar for regionen si vekst og vekstevne

4.1. Generelt

Kva som er målbare resultat av Byregionprogrammet og kva som har andre årsaker kan vera til dels svært vanskelig å fastslå. Kva betydning t.d. Byregionprogrammet har hatt for å motverke tyngre trendar i forhold til t.d. som sentralisering vil vera umogeleg å talfeste. Fleire av målbare resultat vil heller ikkje kunne dokumenterast før etter nokre år.

Me ser at Byregionprogrammet har hatt gode effektar på kort sikt. Det å arbeide kunnskapsbasert, strukturert og samla utover kommunegrenser og eigen region gjev gode resultat. Gjennom programmet har det også skjedd omfattande kunnskapsdeling, som Hallingdal har hatt stor nytte av.

Følgjande konkrete tiltak er gjennomført i tråd med planar:

- Gjennomført prosess og utarbeida Strategisk plan for Hallingdal, som også sikrar vidareføring av tiltak i Byregionprogrammet.
- Arbeid med fleirkjernestruktur og funksjonell arbeidsdeling mellom kommunane. Eit arbeid som held fram utover prosjektperioden.
- Utvikla eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat
- Gjennomført prosessar og tilrettelegging for nye arbeidsplassar, statlege og private
- Arbeid for og klargjort til etablering av fagskule og høgskuletilbod i Hallingdal i forhold til reiseliv.
- Ei sterkare satsing på profilering og rekruttering
- Arbeid for realisering av Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika med fokus på verknadar for Hallingdal.
- Gjennomført forarbeid og prosessar der Livskvalitet Hallingdal blir ein pilot i Norge, som grunnlag for regionalutvikling.

Effektar på regionen sin vekst og vekstevne på lengre sikt er konkretisert i forhold til befolkning/demografi, sysselsetting/arbeidsplassar og verdiskaping fram mot 2023.


Regionrådet for Hallingdal nyttar her SSB sin statistikk for folketalsutvikling og endring i arbeidsplassar. Menon er engasjert til å rapportere på verdiskapning.

Gjennom årleg oppdatering vil ein følgje utviklinga fram mot 2023. Statistikk med effektmål vil gi godt grunnlag i forhold til vårt hovudmål; «utvikle eksisterande og nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske, med høgare utdanning og fagutdanning.»


For å få eit visst bilet av utviklinga i Hallingdal er det sett på dei tre parametrane:

- Folketalsutvikling, demografi
- Endring arbeidsplassar
- Verdiskapning

4.2. Folketalsutvikling, demografi



Folketalsutvikling for nokre distriktsregionar (Kjelde SSB)




Framskrivning folkemengde Hallingdal med utgangspunkt vurdering 2016 og 2018 (kjelde SSB)

Grovt fortalt med nye anslag (2018):

- 500 færre i aldersgruppa 0- 19 år i 2040 i forhold til 2018
- 1000 færre i aldersgruppa 20 – 64 år i 2040 i forhold til i dag
- 2000 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre i 2040 i forhold til i d


4.3. Endring arbeidsplassar




Indeksert arbeidsplassvekst i Hallingdal

4.4. Verdiskapning

For å vurdere endring i verdiskapning har Menon Business Economics vore engasjert for å vurdere dette.





Etter ein lang periode med stagnasjon fram til 2014 er det private næringslivet i Hallingdal igjen i vekst. Veksten skuldast primært svært gode resultat i allereie etablert næringsliv, men me ser også at enkelte nyetableringar har bidratt til veksten.

4.5. Kvalitative effektar som ikkje er målbare

Kommunane i Hallingdal har svært lang tradisjon i å tenkje interkommunalt og regionalt.

Dette gjeld både for kommunal sektor, næringslivet og lag og organisasjoner.

Det er innarbeidd ei viss forståing for kva interkommunalt og regionalt samarbeid inneber og krev. Hallingdal har ein felles identitet og kultur som er ein viktig føresetnad for at denne type samarbeid skal lykkast.

Sjølv om grunnlaget er på plass er det likevel slik at denne type samarbeid må vitalisera og fornyast. Gjennom prosjektperioden har den politiske samhandlinga i regionen blitt tydeleg betre. Hallingdal set seg sjølv på kartet og er ei viktig felles stemme utad i viktige saker for regionen.

Eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat har og gjort at det har vekse fram gode samarbeidskulturar i det private næringslivet og mellom private og offentlege verkemiddelaktørar.

5. Vurdering av nytten av å delta i Byregionprogrammet

Nytten av å delta i Byregionprogrammet kan oppsumererast slik:

- Gjennomført prosessar og konkrete tiltak etter plan i Byregionprogrammet
- Etablert nye tiltak som resultat av arbeidet med Byregionprogrammet
- Etablert nye type nettverk
- Auka kunnskapsoverføring og mogelegheiter for å hente ut kunnskap
- Etablert ei sterkare felles forståing for utfordringar og mogelegheiter.
- Skapt sterkare forankring og engasjement
- Skap nettverksforståing mellom kommunar mellom bedrifter og mellom kommunar og bedrifter
- Større medvite til å setje samarbeid i system

6. Rekneskap

Byregionprogrammet fase 2

Kostnadar

Aktivitet	Budsjett	Rekneskap
Felles kostnadar, inkl. Strategisk plan for Hallingdal	1.650.000	1.797.043
Funksjonell arbeidsdeling, delvis Strategisk plan	1.200.000	470.082
<i>Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat</i>		802.000
Vidareutvikling/nye arbeidsplassar	1.400.000	1.058.900
Høgare utdanning	850.000	828.175
Utnytte ringverknadar ved bygging av Ringeriksbanen	600.000	120.000
Hallingdal 2020	300.000	916.000
Livskvalitet	0	1.397.200
Total sum	6.000.000	7.389.400

Finansiering

Aktør	Budsjett	Rekneskap
Byregionprogrammet	2.610.000	2.610.000
Kommunane	600.000	600.000
Regionrådet for Hallingdal	1.200.000	1.200.000
Eigeninnsats	1.590.000	2.979.400
Total sum	6.000.000	7.389.400

Detaljert rekneskap og revisorgodkjenning er vedlagt.

Hallingdal 1.12.2018

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

HALLINGDAL - REKNESKAP BYREGIONPROGRAMMET, FASE 2

Kostnadar

Aktivitet	Budsjett	Gjennomførte aktivitetar	2015	2016	2017	2018	Totalt
Felles kostnadar							
Prosjektleiing hovudprosjekt	1 000 000	Prosjektleiing	140 000	320 000	220 000	160 000	840 000
Møter, konferansar (lokalar, servering)	280 000	Samlingar/Hallingting/møter	40 809	25 933	129 403	55 363	251 507
Reiser (nasjonale samlingar, stu.besøk)	240 000	Byregion, reiser	42 446	58 586	56 249	65 461	222 742
Andre driftskostnadar (kontor, tlf, m.m.)	130 000		80	54 862	20 080	6 972	81 994
Eigeninnsats			116 400	154 800	64 800	64 800	400 800
Sum	1 650 000		339 735	614 181	490 531	352 596	1 797 043
Funksjonell arbeidsdeling							0
Analysar	500 000	Konsulentbistand, prosjektleiing		42 000			42 000
Prosess fram mot handlingsplan	500 000	Konsulentbistand, involvering	25 000		35 000	181 482	241 482
Handlingsplan	200 000				50 000	43 000	93 000
Eigeninnsats				57 600	36 000		93 600
Sum	1 200 000		25 000	99 600	121 000	224 482	470 082
Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat							0
Sum eigeninnsats			240 000	125 000	245 000	192 000	802 000
Vidareutvikling/nye arbeidsplassar							0
Kunnskapsinnhenting	200 000	Konsulentbistand, eigeninnsats			40 000	13 500	53 500
Analysar, strateginotat	600 000	Konsulentbistand		65 000		110 400	175 400
Prosess	600 000	Prosess mot konkrete aktørar		72 000		171 000	243 000
Eigeninnsats			100 000	125 000	362 000	0	587 000
Sum	1 400 000		100 000	262 000	402 000	294 900	1 058 900
Tilby høgare relevant utdanning lokalt							0
Kartlegging	150 000	Eigeninnsats	60 000			80 000	140 000
Prosess	500 000	Eigeninnsats, konsulent, møter		110 000		28 175	138 175
Etablering	200 000					170 000	170 000
Eigeninnsats				50 000	140 000	190 000	380 000
Sum	850 000		60 000	160 000	140 000	468 175	828 175

Utnytte ringverknadar ved bygging av Ringeriksbanen og E16							
Ringverknadar for Hallingdal	200 000		30 000			55 000	85 000
Ressursgruppe	400 000	Eigeninnsats, møter			35 000		35 000
Eigeninnsats							0
Sum	600 000		30 000	0	35 000	55 000	120 000
Hallingdal 2020							0
Prosjektleiing	300 000	Prosjektleiing, involvering, profilering	170 000	130 000	150 000	50 000	500 000
Eigeninnsats					172 000	244 000	416 000
Sum	300 000		170 000	130 000	322 000	294 000	916 000
Livskvalitet							0
Innbyggjarundersøking, planlegging						92 000	92 000
Gjennomføre innbyggjarundersøking, avtale med SSB, inkl. eigeninnsats						1 005 200	1 005 200
Eigeninnsats						300 000	300 000
Sum			0	0	0	1 397 200	1 397 200
TOTAL SUM	6 000 000		964 735	1 390 781	1 755 531	3 278 353	7 389 400

Finansiering	Budsjett						Rekneskap
Byregionprogrammet, KMD	2 610 000						2 610 000
Kommunane i Hallingdal	600 000						600 000
Regionrådet for Hallingdal	1 200 000						1 200 000
Eigeninnsats	1 590 000						2 979 400
Sum	6 000 000						7 389 400

Hallingdal 1.12.2018

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Til

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD)

Deres referanse: Saksnr. 15/2230 og 16/4093 - Tilsagnsnr. 2015-502305 til Hemsedal kommune / Regionrådet for Hallingdal.

UAVHENGIG REVISORS BERETNING TIL PROSJEKTREGNSKAP BYREGIONPROGRAMMET FASE 2 - HALLINGDAL

Konklusjon

Vi har revidert Regionrådet for Hallingdal sitt prosjektregnskap *Byregionprogrammet fase 2 for Hallingdal*, på bakgrunn av tilsagn nr. 502305 i sak 15/2230 og 16/4093 fra KMD til «*Hallingdal – for eige maskin*» (totalt kr 2.610.000). Prosjektregnskapet består av oppstilling per 1.desember 2018 som viser kostnader på totalt kr 7.389.400 og finansiering på totalt kr 7.389.400. Prosjektregnskapet er utarbeidet av ledelsen i samsvar med kommuneloven og god kommunal regnskapsskikk.

Med unntak av forholdene som er omtalt i avsnittet «Grunnlag for konklusjonen» gir prosjektregnskapet for Byregionprogrammet fase 2 for Hallingdal i det alt vesentlige et uttrykk for prosjektets resultat. Vi viser til sluttrapport for prosjektet angående måloppnåelse.

Grunnlag for konklusjonen

Prosjektregnskapet inneholder:

- Egeninnsats/ lønnskostnader:
Egeninnsats i deltakende kommuner og samarbeidsparter, kr 2.972.400. Egeninnsatsen er ikke dokumentert med timelister, men er estimert og oppsummert i oversikt fra Regionrådet for Hallingdal.
Lønnskostnader til prosjektledelse i Regionrådet for Hallingdal, kr 2.212.000. Beløpet er ikke dokumentert med timelister eller annen tilsvarende dokumentasjon, men er estimert og anvist av ansvarlig i Regionrådet for Hallingdal.
- Gjennomføring av innbyggerundersøkelse av livskvalitet, kr 1.005.200. Beløpet er et kostnadsestimat, undersøkelsen er ikke gjennomført, fakturert eller regnskapsført enda. Vi viser til notat om tiltak livskvalitet av 1.12.2018 fra Regionrådet for Hallingdal.

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene International Standards og Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i «*Revisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet*». Vi er uavhengige av selskapet slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig grunnlag for vår konklusjon.

Kommunerevisjon IKS

Presisering – Grunnlag for regnskapsavleggelse og begrenset distribusjon

Prosjektregnskapet er utarbeidet for å gi informasjon til KMD. Prosjektregnskapet er derfor ikke nødvendigvis egnet for andre formål. Vår uttalelse er kun beregnet på ledelsen i Regionrådet for Hallingdal, kommunene i Hallingdal og KMD og skal ikke distribueres til andre parter.

Ledelsens ansvar for prosjektregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen av prosjektregnskapet, og for slik intern kontroll som ledelsen finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et prosjektregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av prosjektregnskapet

Vårt mål med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at prosjektregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på prosjektregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i regnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoene for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og til hvilken tid revisjonsarbeidet skal utføres. Vi utveksler også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Fagernes, 7. desember 2018

Elin D. Myhre

Registrert revisor / oppdragsansvarlig regnskapsrevisor